

OS KOMMUNE
Brann, beredskap og legevakt



Justis- og beredskapsdepartementet
Rednings- og beredskapsavdelingen
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
14/476 - 1	034/ M80/	Stein Gjøsund - 56575344		06.02.2014

HØYRINGSUTTALE - BRANNSTUDIEN

Høyringsvar – Rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk.

Os kommune har gjennomgått rapporten frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk. Arbeidet er omfattande og rapporten gjev god beskrivelse av korleis brann- og redningstenesta fungerer i dag. Dette er eit godt utgangspunkt for å kunne sei noko om framtidens brann- og redningsteneste.

Vil spesielt kommentera 3 områder der det er særskild viktig å gje klare styringssignalar frå sentrale mynde, vedr. «vegen vidare» for framtidens brannvesen:

1. Kommunal styring og forankring.

Dersom brannvesenet fortsatt vil vera eit kommunal ansvar må det og vera korte og klare styringsvegar frå kommune til eining. Kan vanskelig sjå at løysingar som IKS modell tener hensikta dersom det blir så store einingar som er skissert i brannstudien. Os kommune ønskjer og har til hensikt å kunna bruke og utvikle brann- og redningstenesta i tråd med overordna og lokale behov.

2. Brannvesenets rolle innan kommunal beredskap.

Os kommune har gitt brannvesenet ei sentral rolle innan området kommunal beredskap, der dei deltek med sin kompetanse innan ROS arbeid, sakshandsaming innan forureining, plan- og varslingsansvar for kommunal kriseleiing og kriseteam. Dette bør og må forankrast i framtidens utforming av brannvesenet.

3. Utvida kompetanse.

Kompetansen hos dei tilsette må utviklast innan fagområdet kommunal beredskap, slik at framtidens brann- og redningsvesen er i stand til også å ta strategisk ansvar for beredskap i kommunane, i nært samarbeid med politisk og administrativ leiing.

Méd helsing

Nils Petter Borge
Kommunalsjef

Stein Gjøsund
Brannsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentraltbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575344

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575344